



Hordaland fylkeskommune Egedomsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/726 - 19/8059

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

07.03.2019

Etterlyser årsrapport fettutskiljar - GBNR 185/66 Knarvik vidaregåande skule

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport fettutskiljar for driftsår 2018. Frist for innsending av årsrapport var **01.02.2019** (jf vilkår i mellombels løyve av 18.05.2017).

Som grunneigar og abonnent på avløpstenester i Lindås kommune har Hordaland fylkeskommune, ved Egedomsavdelinga, hovudansvar for at det vert sendt inn årsrapport for anlegg ved gbnr 185/66. Årsrapport skal dokumentere at anlegg vert tømmt iht gitte løyve og at anlegg stettar krav til utslepp.

For anlegg ved gbnr 185/66 skal årsrapport innehalde følgjande dokumentasjon:

- Årsrapport,
- driftsjournal,
- dokumentasjon på at det er utført 6 tømningar, 6 temperaturlogger og 2 analyseprøve av utsleppsvatn,
- kopi av tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør, samt
- drifts- og vedlikehaldsrapport for anlegg.

Det er viktig at anlegg ved Knarvik vidaregåande skule vert fylgt opp da anlegg er svært liten i forhold til matproduksjon ved skulen. Skulen har kantine og kokkelinje som begge utløyser krav om fettutskiljar. Kopi av temperaturlogg/tømmerapport skal, iht løyve, sendast inn etter kvar logging/tømming. Vi har ikkje motteke dette. Krav til tømning, temperaturlogging og prøveanalyser er satt for at kommunen skal kunne vurdere anlegget sin reinsefunksjon og om anlegg stettar krav til utslepp.

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn på kommunalt leidningsnett. Det er viktig at vi kontroll på anlegg, slik at vi unngår at fett vert ført ut på leidningsnett og til pumpestasjon/reinseanlegg.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Fett i leidningsnett og pumpestasjon/reiseanlegg medfører store drifts- og vedlikehaldskonstnader for kommunen. Dette er kostnader som vi må få dekke inn via aukte kommunale gebyr eller ved at kommunen fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Teknisk drift gjer merksam på at fett som avleirast i leidningsnettet kan medføre tilbakeslag av fett/kloakk i bygg. Kommunen er ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Den einkilde huseigar må sjølv sørge for og påkoste utbedring av skader som oppstår under slike hendingar.

Frist for innsending av årsrapport vert sett til: Torsdag 28.03.2019.

Førehandsvarsling og tilsyn:

På bakgrunn av manglande rapportering ser kommunen behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsyn, er få på plass gode rapporterings-, drifts- og vedlikehaldsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved gbnr 185/66. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – Varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune
Eigedomsavdelinga

Postboks 7900 5020

BERGEN